

## Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av H, Frp og FNB fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
2. Fylkestinget forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.
3. Fylkestinget ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.»

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 3

Fylkestinget ber om at utval for samferdsel og mobilitet i 2022, før praktisk iverksetjing av forskrifta i 2024, får ei orientering om stoda kring ladeinfrastruktur, køyrety for personar med nedsett funksjonsevne, køyrety med 4-hjulstrekk, konsekvensar for grensekommunar og korleis endringar i yrkestransportlova slår inn for drosjenæringa.»

**Morten Klementsens (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

### Avrøysting til utsetjing

Klementsens sitt forslag fekk 13 røyster (FNB, Frp, Pp) og fall.

### Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 24 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 24 røyster (H, Frp, FNB).

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 24 røyster (H, Frp, FNB).

Innstillinga punkt 3 fekk ingen røyster og fall.

Ekrheim sitt forslag fekk 53 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, R, Pp, H) og vart vedteke.

Innstillinga punkt 4 og 5 vart vedteke mot 12 røyster (Frp, FNB).

### Vedtak

1. Innføre miljøkrav i fleire kommunar med følgjande forskrift:

Med heimel i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd vedtar Vestland fylkeskommune følgjande ny forskrift:

Tittel: Forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Vestland fylke.

I forskrifta skal § 1 lyde:

"§ 1. Løyvehavar pliktar å sørgje for at drosje registrert for inntil 9 personar ikkje har utslepp frå forbrenningsmotor ved køyring i følgjande kommunar:

Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnefjorden, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Stord, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss herad, og Øygarden."

I forskrifta skal § 2 lyde:

"§ 2. Løyvehavar pliktar straks å gje skriftleg melding til løyvestyresmakta dersom drosjen har brote miljøkravet i § 1."

I forskrifta skal § 3 lyde:

"§ 3. Løyveharar kan utføre oppdrag frå ein stad utanfor kommunen med miljøkrav til ein stad innanfor kommunen med motorvogn som ikkje oppfyller krava i § 1. I samband med ein slik tur er det tillate å ta med passasjer på oppdrag ut av kommunen. Tomkøyring inn til ein kommune med miljøkrav for å utføre oppdrag ut av kommunen er berre tillate for bestilte turar"

Forskrifta trer i kraft 1.4.2024.

2. Administrasjonen startar utgreiing om det er mogleg å innføre tilsvarande krav i samtlege kommunar i Vestland fylke.
3. Fylkestinget ber om at utval for samferdsel og mobilitet i 2022, før praktisk iverksetjing av forskrifta i 2024, får ei orientering om stoda kring ladeinfrastruktur, køyrety for personar med nedsett funksjonsevne, køyrety med 4-hjulstrekk, konsekvensar for grensekommunar og korleis endringar i yrkestransportlova slår inn for drosjenæringa.
4. Når det gjeld fylkeskommunal støtte og investering til ladeinfrastruktur skal alle kommunar i Vestland fylkeskommune prioriterast på lik linje, etter ein felles gjennomgang og som legg til rette for at forskrifta kan innførast for heile fylket.
5. Fylkestinget ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.